

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Møre

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kvernes.

Emne: Skav

Bygdelag: _

Oppskr. av: L. J. Mork

Gard: Mork

(adresse): Afset

G.nr. 10 Br.nr. 8

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle og høyrte av andre.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Etter det eg kan tru har skav lite eller ikkje vore bruka som naudfor eller hjelpefor her i bygda, helder ikkje i gamal tid. Dette truleg fordi at bygda har lite skog. Det er snaut med lauvskog og ikkje baaleskog aa rekna, naar ein ser bort fraa det som er planta i dei siste 40 - 50 aar.

Nemninga "skav" er dog kjent, men truleg fraa dei indre bygder paa Nordmøre, der det er meir skog og der det har vore bruka aa sanka skav og anna hjelpefor fraa skogen for aa hjelpa paa foringa i seine vaarar, heilt fram til vaar tid.

Det einaste hjelpeforet som har vore bruka i nokon mon her i seine vaarar, er røslyng og saa litt tang, men om dette blir det kanskje høve aa svara paa seinare.

Det same gjeld og lauv.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY